

Børvatnet - Misvær

(Kartblad 2029-2)

Langs riksveg 812 mot Misvær er det ein del svært spennande is. Kartet under viser kor dei viktigaste godbitane ligg.


Tilkomst: Med bil frå Bodø til Tverlandet RV 80 (18 km). Ta av mot Saltstraumen RV 17 og følg vegen over Saltstraumbua og Sunnanbrua. Rett etter Sunnanbrua tek du av frå R17 mot Misvær RV 812.

Avstand til dei ulike isområda:

- **Blåfjell.** Ca 8 km etter krysset
- **Poseidon.** Tilkomst med båt! Retur

muleg frå Evenset.

- **Børvatnet:** Ca 8 km etter krysset. Skilt til Børelv. Ved lite snø, køyr opp til Børvatnet, elles parkering i Børelv.
- **Hogndalsfossen.** Parkeringsplass på toppen av Hogndalsskaret / Kvikstadeheia.
- **Såmannen / Stornupflåget.** Fossen ligg i Stornupflåget lett synleg frå RV 812 langs Misværffjorden. Tilkomst anten frå Skjerstadsida eller Misvørsida.



Blåfjell

(Utan skisse)

Blåfjell ligg på venstre hand langs rv 812 ca 8 km etter avkøyring frå rv17, rett før avkøyring til Børelv. Dette er same plass som klatrefeltet Blåfjell. På Blåfjell vil det danne seg is fleire stader i løpet av ein sesong. Det er klatra 1 rein isrute her, elles er sommarruta "11 i et taulag" vinterbestege (teknisk / mix).

1. Bedre tynt enn aldri 5 X

90 m/60-90°

Denne fossen er på venstre sida av Blåfjell. Fossen går like til venstre for klipperuta "Nye tider". Ofte er fossen ikkje samanhengande ned "Nye tider-overhenger". Når han er det byr han på ei bratt og ei mindre bratt taulengde, før ein ender på ein snøbakke i venstresida av Blåfjell. Retur ned isen er enkelt. FG Mats P Mosti, Sveinung Råheim og Eirik Pettersen 2/3-2000.

Børvatnet

Børvatnet er ligg fint til ovafor Børelv. Turar til Åselitindane startar som regel her. Børvatnet ligg nedi ein djup dal omkransa av tildels bratte stup, spesielt på sørsida.

Tilkomst: Køyr rv 812 i ca 8 km etter avkøyring frå rv 17. Ta av mot høgre (skilt mot Børelv). Parker ved gardane ved Børelv. Har du flaks er vegen brøytta opp til Børvatnet (ca 1 km vidare). Køyr eller gå denne vegen. Vi har med fire områda her:

1. Børvassurda. Ligg opp til venstre for parkeringsplassen ved Børvatnet. Fantastisk når det er forhold
2. Risneset. Litt lenger inn på høgre side. Ein flott foss.
3. Litlneset. Litt over halvvegs inn vatnet på venstre hand. Eit par fossar.
4. Børliå. Innerst ved Børvatnet. To bratte fossar.



Sveinung Råheim i 5 taulengde på Vannvittig ved Børvatnet. Foto: Kjell E. Andersen.



Børvassurda sett frå parkeringsplassen ved Børvatnet. Bildet er litt uskarpt, men det gjev bra oversikt over dei ulike fossane i der.

Børvassurda

Sjå bilde over. Desse fossane ligg opp til venstre for parkeringsplassen ved Børvatnet. 4 mulege prosjekt er skildra i tillegg til den som er klatra. Særleg 4 og 5 ser ut til å ha mykje snø ein del vintrar.

1. Vannvittig 5

230 m./40-95°
Kjell Eugen Andersen & Sveinung Råheim
15/2-97.

Fossen ligg oppi den fyrste gryta på venstre side av Børvatnet. Lett synleg frå vegen mot Blåfjell / Misvær. Flott, eksponert klatring opp foss med vannvittig flott linjeføring. Fossen er delt i to markerte hamrar med eit slakt midtparti. Frys ofte ikkje til i nedste del.

1. del. 70 - 80 m. 80°-90° is. Siste bratte 15 m kan omgåast til venstre (slakt, men tynt, fyrstebestigarane gjorde dette). Slakt i 30 - 40meter til stand under bratt issøyle.

2. del startar opp denne issøyla. 15 meter is 90° - 95°. Isen kan vere dårleg. Vidare er det framleis bratt, men det legg seg etter kvart. Vel 100 m 60 - 85° is etter søyla. Kun isskruer til sikring. Førstebestigarane brukte 11 timar, muleg å gjere det mykje raskare.

Retur: Rappell ned fossen eller sørover rundt 68

Durmålstuva og ned renna i kanten av denne.
NB! Vurder skredfare i renna

2. Prosjekt.....?

Isdekt sva i starten, muligens miks i toppen.

3. Prosjekt.....?

Vanskeleg mikslinje rett til høgre for Vannvittig.

4. Prosjekt.....?

Fossen ligg til venstre for Plan B. Snø og is. Moderat brattheit. Anmarsj og retur som for Plan B.

5. Plan B 2

110 m snø og is. ca 50-75°. I tillegg ca 100m snø, is og litt fjell i renna til høgre for Durmålstuva.

Fossen ligg ovafor Durmålstuva. Ikkje veldig bratt. Kan samle ein del snø.

Turen kan med fordel kombinerast med den enkle renna til høgre for returrenna.

Retur: Ned fossen eller ned returrenna.

Sigurd Gjertsen, Lene Pedersen & Bjarne Hunstad 4/2-2009



ØV: "Vannvittig" sett frå innsteget. ØH: Kjell E. Andersen under crux-taulengda på Vannvittig. N: Kjell E.A. på første taulengde av Vannvittig. Alle Bilder Sveinung Råheim



Risneset sett frå parkeringsplassen på ved Børvatnet. Dårlege isforhold på bildet. Foto Sveinung Råheim

Risneset

Risneset er det fyrste neset på vestsida av Børvatnet ca 1 km innover langs vatnet (sjå kart side 66). Opp frå dette neset går ein bratt hammar.

Risnasen 4

Ca 100 m, 60 - 90°. Bratt første- taulengde. Andre taulengde går i slakt terreng over i snøbakke. Retur rundt og ned på nordsida av neset.
FG: Sveinung Råheim & Hanne Bertnes Eriksen 20/3-2005.



Litlneset sett frå Børvatnet Foto Sveinung Råheim

Litl-neset

Litlneset ligg på austsida av Børvatnet rett under den imponerande veggen på Børnupen ca 2,5 km etter parkeringsplassen. I flåget opp for / rett bak Litlneset er det to-tre sjølvstendige linjer. Vidare er det litt klatrebar is opp under Børnup-veggen. Det er klatra ein foss her.

1. Brillelaus..... 3-4

ca 50m/60-85°. Fossen ligg i flåget rett opp for hyttene på Litlneset. Dette er den venstre linja som kan ha tynn start, og som endar opp under eit stort overheng. Retur ved rappell ned fossen.

Namnet kjem av at Eirik Pettersen fekk brilleglasa slått ut av is på veg opp. FG Remi Bendiksen, Sveinung Råheim & Eirik Pettersen januar 1999

2. Prosjekt..... 3-4

Ca 80 m Startar ca 10 meter til høgre for Brillelaus. Bratt start. Denne går opp til høgre for overhengen. Retur ved rappell ned fossen.

3 og 4. Mulige prosjekt

Nr 3 ligg i høgre kant av flåget der Brillelaus går. Nr 4 ligg heilt oppunder den store veggen på Børnupen



Børليا

Ved innerenden (sørenden) av Børvatnet er det fleire flåg med klatrebar is. På vestsida er det fleire kortare fossar i eit berg, sannsynlegvis uklatra alle mann. Det er på austsida dei flottaste fossane er. Dei forsvarer lett den lange turen over Børvatnet. Fossane ligg i ein bratt hammar rett opp for husa i Børليا. Dei ligg inne i ei kløft og er ikkje synlege før ein er heilt i sørenden av Børvatnet. Totalt ca 4 km anmarsj frå parkeringsplassen i nordenden av Børvatnet. Lønsamt med ski over vatnet!

1. Storflogfossen 5

ca 150 m, 50-90° Første 25 m bratt, så slakare i ca 30 m før det brattnar til att i ca 25 m. Øvre del er slak. Smal, flott foss som er verd den lange anmarsjen. Forholdsvis issikker. Så vidt vi kjenner til er kun første 60 m klatra (av Bjarne Hunstad og Sveinung Råheim februar 2008).

2. Prosjekt..... 5?

ca 100 m, 50-90° Lite er kjent om denne fossen. Bratt og tildels veldig smal første 50 meter. Deretter forsvinn fossen inn i ei kløft - sannsynlegvis veldig artig isklattring.



Sveinung Råheim sjekker ut starten på Storflogfossen. Foto Bjarne Hunstad

Børvatnet - Misvær Hogndalsskaret

Rett aust for det høgaste punktet på Kvikstadheia / Hogndalsskaret ligg ein fin foss som ofte har klatreforhold.


Hogndalsfossen..... 3-4 

70 m/75-85°

Stein Simenstad, Helga Eide, Knut Aspheim & Helena Winter 4. januar 1997.

Flott foss. Bratt fyrste 50 meter, så slakt snø/isfelt på toppen. Skummelt ved rasutsette tilhøve. Gjev klatring av middles til vanskeleg gradering. Enklaste linje vist på skissa. Til venstre ein pillar på 85°-90°. Den korte anmarsjen på ca 200 m gjev lett tilgjengeleg klatring. Retur ned foss eller ned bratt snøflanke til høgre (vest) for fossen.

Tilkomst: Køyr til Børelv (sjå kart side 66). Hald fram RV 812 til du er på høgaste punkt på fjellovergangen i Hogndalen (Kvigstadheia). Fossen ligg lett synleg på høgre side av vegen.



Eskil Sørvik på første fribestigning av Hogndalsfossen. Foto Remi Bendiksen.



Øvt: Remi Bendiksen på bratt, flott is i 2. taulengde av Poseidon. Foto Hanne Bertnes Eriksen. Nedst: Båtstart med isskrueforankring av båten. Foto. Kenneth Ovesen. Innfelt: Sveinung Råheim i toppen av Poseidon under førstebestigning. Foto Remi Bendiksen.





Poseidon sett frå Godøystraumen. Foto Sveinung Råheim

Flågbukta

I Flågbukta ligg den kanskje mest spesielle fossen i Salten - Poseidon.

Tilkomst: (sjå kart side 66). Poseidon ligg i Flåga / Flågbukta mellom Tuv ved Saltstraumen og Evenset i Skjerstad langs Skjerstadjorden. Fossen godt synleg frå Godøystraumen og frå Tuv. Båtskysst frå Evenset eller Tuv nødvendig.

Poseidon4  

vel 200m/30-85°

Kartblad 2029-2 og 2029-3.

Fossen er ein av dei mest spektakulære i Salten. Han ligg i *Flågbukta* i Skjerstadjorden og stuper rett ned i fjorden. Einaste akseptable start er frå båt. Under fossen går det ned i ca 120 m djup! Når ein fyrst kjem seg i gang er ikkje sjølv fossen veldig vanskeleg. Korleis kome seg i gang? Organisering av båtskysst er fyrste "crux". Tuv fiskecamp ved Saltstraumen kan vere eit utgangspunkt for å skaffe skysst. Det tek omlag 30 min. med båt frå Tuv til Flågbukta og Poseidon. Eit anna forhold ein bør ta med i betraktninga er flo og fjøre. Det er 1 - 3 m skilnad på flo og fjøre. For å nå opp til isen bør ein starte nærare flo enn fjøre. Ved beregning av flo og fjøre må ein og vere klar over at Saltstraumen

forsinkar floa med omlag to timar på innsida i høve til yttersida.

Retur: 1. Båtskysst tilbake. 2. Til fots til Evenset. Avtal skysst derifrå.


Tilkomst Tuv: Austsida av RV 17 rett etter Sunnanstraumbua. Tilkomst Evenset: Ta av RV 812 frå RV 17 på Tuv. Kjør gjennom Hogndalen, over Kvikstadheia/Hogndalsskaret. Rett etter nedstigninga frå Hogndalsskaret er det skilta til Evenset. Ta av og køyr til enden av vegen (ca 7 km). Herifrå er det omlag 1 km å gå bort til Flågbukta. Gå over jordet og følgj inn i skogen langs veg/sti til hyttene som ligg langs stranda der.

FG: Remi Bendiksen & Sveinung Råheim 26/3-2000.

Vestveggen på Stornupen

Stornupfossen er svært synleg frå RV 812 langs Misvær fjorden. Det er ikkje så mykje is langs denne fjorden, men det er ein bratt miks sak i flåget til høgre for Stornupfossen og ein del stort sett mindre fossar.

Tilkomst: (sjå kart side 66) til Misvær / Skjerstad frå Bodø går via RV 80 til Tverlandet (18 km). Ta av mot Saltstraumen



Stornupen med fossen midt i. Bildet er tatt frå motsatt side av fjorden. Foto: Sveinung Råheim.

Såmannen4  

150m/70°-90°

Knut Aspheim & Tore Bjørnsund 20/1-1996. Jamt bratt foss. Fyrste 2/3 ca 75°-80°, så 15-20 m med 80°-90° før det heile legg seg.

Ein fantastisk beliggande foss, høgt og fritt i det bratte vestveggen på Stornupen. Svært synleg frå hovudveggen. Retur ned bratt li ca 100 m til høgre for isen eller heilt ned til Kvarvgardane om du har valt å køyre inn via Misvær. Namnet "Såmannen" er lokalt og vi kjenner ikkje historia.

Tilkomst:

Vegval 1. Frå Hogndalsskaret, køyr RV 812 til skilt "Skjerstad". Ta av her, køyr over Støvset

og følg RV 17 til Tuv (16 km). Ved Tuv ta av frå RV 17 og følg skilting til Misvær RV 812. I det du kjem opp i Hogndalsskaret / Kvigstadheia er du i Skjerstad kommune. Vegskildring til dei andre fossane byrjar her.


bru som kryssar Misvær fjorden. Umiddelbart etter brua, ta av til høgre og følg gamlevegen langs fjorden mot Misvær. Vegen går innunder Stornupen, men er ikkje brøytta heilt fram. Ved lite snø kan du køyre nesten heilt under fossen. **Vegval 2.** Frå Hogndalsskaret, følg RV 812 til Misvær (i botn av fjorden). Hald fram rundt fjorden og følgj gamlevegen tilbake att mot Skjerstad. Du vil då kunne køyre til Kvarvgardane (ca 7-8 km etter Misvær). Vegen går under flåget, men er stengt forbi Stornupen pga mykje utrasa stein. Gå frå Kvarvgardane langs gamlevegen inn under fossen, ca 1,5 km. Ved mykje snø gjev dette alternativet sannsynlegvis minst gåing.

Flågan i Misvær


Rett sør for Misvær langs RV 812 mot Beiarn / Saltdal ligg "Flågan". Flågan vender mot nordvest. Midt i dei ligg det ein markert foss - Gazastripa.

Tilkomst: (Sjå og kart side 56). Køyr til sentrum i Misvær. Køyr ca 2,6 km vidare langs RV 812 mot Beiarn / Saltdal. Parker i det du kjem opp på ei slette med eit jorde og fråflytta bruk på venstre hand (Oppli). Ofte er det ingen avkøyring som er oppbrøyt her, ta derfor med spade for å måke inn bilen. Fossen er lett synleg rett venstre (austover). **Anmarsj:** Følg vegen forbi garden. Gå opp det høgre av dei to skarda

og gå opp Brentlia mot fossen. Innsteget er på ca 400 m.o.h. Totalt ca 1,3 km å gå, ca 30-60 minutt avhengig av snøforholda.

Gazastripa.....3 

ca 120 m, 50-80°. Første taulengde er brattast. Retur: Enkelt å gå ned til venstre (nord) for fossen. Simon Svendsen & Sveinung Bertnes Råheim 10.1.2009.



Flågan i Misvær sett frå RV 812 med Gazastripa sentralt i bildet

Beiarn

Tre ulike områder er skildra i denne utgåva av føraren; Tollåura, Voldhammaren og Seglfjellet. Særleg Seglfjellet har truleg noko av den flottaste klassiske isklattringa i Salten.

Tilkomst: Frå Bodø, køyr RV80 til Tverlandet, ta av til Saltstraumen RV17, rett etter Saltstraumen ta RV 812 mot Misvær. Framme i Misvær, hald fram mot Beiarn/

Rognan på RV 812. Etter nokre km tek RV 813 av til Beiarn. Vel halvanna time etter Bodø er du på Storjord i Beiarn. Tollådalen ligg då oppover dalen (til venstre), medan Voldhammaren og Seglfjellet ligg nedover dalen (til høgre). Tilkomst til dei einskilte fossane er skildra ut frå Storjord.



Sveinung Råheim i starten på andre taulengde på "Asplemmen" i Tollåura i Beiarn. Foto: Remi Bendiksen.